

Vågå Historielag: Årsmelding 2021

Arrangement

Historielaget har i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen, eit par arrangement var også saman med andre. Det var kveldsseto kvar onsdagskveld heile sommaren. Ingrid Løkken og Tore Jan Rødølen kopla saman ord og strengar, medan Leif Inge Schjølberg og Ola Grøsland tok for seg Vågåleikjer frå jubilerande spelemenn. Ivar Teigum fortalte om Fel-Jakup, medan Aslak Brimi, Mari Midtli m.fl. framførde Huldra Hildur i musikk og sang for barn. Hans-Jacob Dahl tok for seg vevnaden til Rakel Onsum Berg, medan Bjørg Schultz og Elin Grev viste fram plantefarging av garn. Bengt Kvalvik fortale om filminnspelingar i Vågå, og Johan Storm Munch prata om presten Johan Storm. Eldre budeier fortalte om sæterlivet i samtale med Eirik Haugen, medan Kristin Akslen Hagen tok fram musikk og anna frå det rikhaldige arkivet. Fleire arrangement var knytt til kristningsferda til Olav Digre for 1000 år sidan. Det var tur etter den gamle vegen frå Garmo til Storviksøygarden, ein kveld var det tur til Tingsvasletta der Olav heldt ting med vagverane, Ola Grøsland fortalte om kristninga. Jakup Skjedsvoll tok for seg skiljet mellom nord og sør i Gudbrandsdalen i mellomalder og førhistorisk tid, medan Stein Villa og Tom Willy Rustad tok for seg musikk og musikkinstrument frå gammal tid. Elles vart fleire planlagde arrangement avlyste p.g.a. pandemien.

Jutulheimen

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen, historielaget står for vedlikehald. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planlegging og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Med støtte frå Stiftelsen UNI er det utført restaurering av purkehuset og kvernhuset. Jutulheimen er knytt betre saman med Ullinsvin med opprusting av gangvegen mellom, dette er med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB. Ein god del småvedlikehald og rydding er utført på dugnad.

Prestgarden

Det er i året lagt inn elektrisk strøm i aurbua og installert utstillingsljos på fjøstrevet og toppetasjen av låven. Det er lagt golv i delar av skålen. Alle etasjene i låven er rydda og reingjordt. Svært mykje av dette er gjort på dugnad. Låven og fjøset har vore brukt til utstillingar, også fjøstrevet og toppetasjen av låven er teke i bruk. Delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget som har stor aktivitet der. Paktarhuset har vore brukt til kafe. Kommunen er hovudaksjonær i aksjeselskapet Ullinsvin drift AS, historielaget og husflidslaget har mindre eigardelar. Det er Ullinsvin drift AS som har stått for drift av galleri og kafe, medan Gudbrandalsdalsmusea har utstillingar i fjøset og på toppen av låven. Ullinsvin hadde svært mange besøkjande dette året. Julemesse med utstillingar og aktivitetar hadde godt besøk.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget er organisert slik at ansvar for stell, luking, vatning mm. er fordelt for kvar veke. Hagen har fungert godt som ein del av tilbodet i Ullinsvin saman med utstillingane. Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Livø Hosar har leiinga av hagegruppa. Ei eige utomhusgruppe har stått for plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet i Ullinsvin og Jutulheimen.

Ullinsvin AS

Det heileigde selskapet Ullinsvin AS er eigar av nybygget i prestgarden. Kjellaren husar museumsmagasin og arkiv. Gudbrandsdalsmusea AS står for drifta av magasinet. Ullinsvin drift AS brukar utstillingsbygget. Ullinsvin AS har same styre som historielaget.

Laget elles

Frå årsmøtet 14. april 2021 har styre vore dette:

styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Valde Aasheim, styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Steinar Løkken og Elin Grev, varamedlemmar Ola Stokstad, Jens Hagen og Ågot Råstad.

Det har i året vore 10 styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 430 medlemmar.

Revisorar er Astrid Sandbu og Gunnar Sandbo.

Valnemnd er Jonny Brenden, Live Hosar og Reidunn Snerle.

Trond Ole Haug er styremedlem i Gudbrandsdalsmusea as.

Jens Hagen er styremedlem i Ullinsvin drift AS.

Nils Valde styrer heimesida vaagaa-historielag.org og skannar og legg ut innsamla gamle biletar. På heimesida er det ei mappe med gards- og slektshistorie. Arbeidet med sæterhistorie held fram.

God oppslutning om frivillige medlemspengar og støtte frå annonsørar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er skriftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten.

Buene ved Gjendeosen vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2021.

Ullinsvin fyrst på 1900-talet. Foto frå Augusta Holmbo, Vågå historielags fotoarkiv

